



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Reknes Byggjevarer L.L
Att.Egil Sagstad
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/283-10	Jan Kvingedal	26.06.2026

Melding om delegert vedtak - søknad om endring av plassering - gbnr 16/32

Administrativt vedtak saknr.: 46/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse:	, AREKLETTVEGEN 448, 5986 Hosteland	Eigedom gbnr:	16/32
Tiltakshavar:	Asbjørg Brugger Vollen	Søkjar:	Reknes Byggjevarer L.L
Tiltakstype:	Nytt bygg - boligformål	Søknadstype:	Endring tillatelse

VEDTAK:

Masfjorden kommune ved rådmannen gjeve med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a), jf. § 20-3 løyve til endring i plassering for bustadhus på gbnr 16/32. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan, dat. 10.06.26, revisjon G vedlagt søknad
- Adm. vedtak om løyve nr 23/2026 med dato 12.03.26 med vilkår gjeld for tiltaket

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.1.11	Delt sakshandsaming, endring i løyve		3.018,-
Totalt gebyr å betala			3.018,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert krevd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klagen skal vere grunngjeven.

Saksutgreiing

Tiltak


Saka gjeld søknad om endring av tidlegare gjeve løyve i adm. vedtaksnr. 23/2026, dat. 12.03.26 til planering av tomt og oppføring av bustadhus på eigedommen.

Det vert elles vist til søknad om endring motteken 16.06.2026 .


Fakta

Søklar viser til feil i kartgrunnlaget og det er trong for å plassera tiltaket noko nærare vegen enn tidlegare omsøkt.

Opprinneleg plassering:



Ny omsøkt plassering:



Vurdering

Ein vurderer at ny plassering ikkje påverkar sikt eller trafikktryggleik langs den kommunale vegen forbi tiltaket.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til endring av plassering jf. vedtaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/283

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Sveinung Toft
ass.rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur